

Sak 5

Fastsetjing av styrehonorar

Valnemnda har sett på nivået for styrehonorar ved Det Norske Teatret, og vurderer at det er særst lågt samanlikna med liknande institusjonar. Vi har særleg samanlikna med Nationaltheatret og Den Norske Opera & Ballett. Då ser vi at nivået for både styreleiar, nestleiar og styremedlemer er monaleg lågare enn i desse institusjonane.

I perioden 2020-2025 har satsane vore slik: Kr 130 000 til leiar og kr 50 000 til nestleiar, medan øvrige styremedlemer og varamedlemer har fått statens sats for møtegodtgjersle basert på kor mange timar dei har brukt på styremøte med førebuing.

Det Norske Teatret har ei unik historie og eigarskap samanlikna med desse to institusjonane, og valnemnda har ikkje eit mål om at teatret skal vera leiande når det gjeld nivået på styrehonorar. Vi ser likevel at sidan styrehonorara ikkje er justerte sidan 2020 bør dei iallfall no i fyrste omgang hevast slik at dei i røynda er på same nivå som i 2020.

Valnemnda gjer òg framlegg om at styremedlemer får eit fast honorar, og ikkje per møtetime som har vore regelen til no. Dette er den vanlegaste måten å honorere styremedlemer på, og gjer det meir føreseieleg både for styremedlemene og administrasjonen.

Difor gjer valnemnda framlegg om dette vedtaket:

«Generalforsamlinga vedtek desse styrehonorara for LL Det Norske Teatret i 2026, gjeldande etter generalforsamlinga:

Styreleiar: kr 160 000

Nestleiar: kr 65 000

Styremedlemer: kr 40 000

Varamedlemer: kr 5 000 per møte

Styremedlemer som går av ved generalforsamlinga i 2026 får utbetalt honorar for møta i 2026 etter den gamle modellen.»